



## Referat frå styremøte

<b>Stad:</b>	Rådhuset i Øygarden
<b>Dato:</b>	28.11.2016
<b>Tid:</b>	09.00-11.00
<b>Desse møtte:</b>	Børge Haugetun (møteleiar), Marianne Bjørøy, Kari- Anne Landro, Siri Fahlvik Pettersen, Rune Lid, Steinar Nesse  Informasjonsrådgjevar Vagleik Brekke og Inger Elin Litlere (møtesekretær).
<b>Forfall:</b>	
<b>Andre:</b>	Janne Mo, Bård Tyldum, Jan Gaute Haug (sak 26/16) og Åsta Årøen (sak 27/16)

Nr	Sak	Konklusjonar/ansvar oppfølging
24/16	Godkjenning av innkallinga og referat frå sist møte	Ingen merknad. Innkalling og referat vart godkjent slik det ligg føre.
25/16	Referatsakar	Høyring intensjonsplan for etablering av Vestlandsregionen Det vart stilt spørsmål om det er hensiktsmessig at Regionrådet uttalar seg her.  <b>Konklusjon:</b> Både Fjell, Sund og Øygarden har sendt høyringssvar, som er ganske like. Det vert ikkje sendt noko felles uttale frå Regionrådet.
26/16	Skjønsmidlar 2016	Omsorgsleiar i Fjell, Janne Mo, presenterte 2 prosjekt som fekk tildelt skjønsmidlar i 2016 frå Fylkesmannen. Det eine er «Vest Ekstra» og fekk tildelt 500 tusen kroner. Vest Ekstra er utvikling av ein modell for frivillig innsats retta mot helse og omsorgssektoren. Det er organisert med prosjektleiar frå Fjell kommune og 2 representantar frå kvar kommune i ei styringsgruppe. Det er nokre utfordringar knytt til frivillig arbeid, til dømes rekruttering av individuelle frivillige, transport og støtte til frivillige lag og organisasjonar. Det arbeidast med for å lage eit system for å ivareta dei frivillige og refusjonsordning av kostnader dei frivillige har. Det er ifølge Janne Mo mykje å hente på å samarbeide mellom kommunane og frivillige lag og organisasjonar.  Janne Mo presenterte også prosjektet « Velferdsteknologi i Vest». Det er eit prosjekt som har som mål å ha ein saumlaus bruk av teknologi på tvers av alle einingar i alle kommunane og ha ein felles modell for kommunane. Dette prosjektet fekk tildelt 1 million kroner. Prosjektleiar her er innleigd av Sintef. Det sit også her 2 representantar frå kvar kommune i styringsgruppa. Det skal utarbeidast felles vurderingsverktøy, tildelingsrutinar og om mogelege betalingsordningar.

		<p>Brannsjef i Øygarden, Jan Gaute Haug, orienterte om løyvinga på 150 tusen kroner til kompetanseheving innanfor kommunal beredskap i dei tre kommunane i regionen. Hovudfokus er kriseleiing og dei ulike rollene der. Det sit ein representant frå kvar kommune i styringsgruppa. Dei tre kommunane utarbeidar felles beredskapsplanar – tilpassa kvar enkelt kommune. Jan Gaute Haug meiner dei skal få til eit godt kompetanseløft innanfor desse områda Det vert lagt opp til 2 seminar med blant anna kriseleiing og medietrening som tema.</p> <p>Barnevernsléiar i Fjell, Bård Tyldum, informerte om 2 prosjekt dei fekk midlar til. Dei fekk totalt 1,8 millionar kroner frå Fylkesmannen. Av desse er 450 000 sett til kompetanseheving. Barnevernet står ovanfor store forandringar dei siste 5-6 åra, og det er større krav dei vert målt på no enn tidlegare. Høgare kompetanse blant dei tilsette er heilt nødvendig for å møte dei krav og utfordringar som er i jobben.</p> <p>Midlane har gjort det mogeleg å få på plass ein barnevernsvakt måndag til torsdag mellom kl. 08.00 og 21.00. Den er felles for Fjell, Sund og Øygarden. Dei har og fått til ei bakvaksordning i helgane – der også Askøy kommune er med. Det arbeidast med og er ønskeleg med aktiv vakt fredag og laurdag kveld, då ein ser at det er mykje som skjer desse kveldane og store saker kjem opp. Kommunane er pålagt å ha barnevernsvakt.</p> <p><b>Konklusjon:</b> Regionrådet Vest utarbeider eit notat som drøftar felles strategi for framtidig frivillig arbeid i regionen, blant anna innan helse og omsorg. Regionrådet ber om å få tilbake ei sak med konkretisering på korleis ein kan bruke velferdsteknologi i offentleg regi. Fjell kommune, ved Rådmann Steinar Nesse, har teke på seg ansvaret for dette. Dette vert grunnlag for ny drøfting av temaet på eit seinare møte i regionrådet.</p> <p>Det er viktig at alle interkommunale prosjekt tek med seg at desse tre kommunane vert ein felles kommune, og at ein tenkjer det inn i prosjekta allereie no der det er mogeleg. Regionrådet vil også følgje det opp i vidare interkommunale prosjekt som får tildelt midlar frå Fylkesmannen.</p>
27/16	Felles Ansvar	<p>Dagleg leiar i Felles Ansvar, Åsta Årøen, saman med styremedlem Anette Henden, gav status for det felles rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltaket, Felles Ansvar.</p> <p>Felles Ansvar vart i si tid initiert av Regionrådet- og består av Fjell, Sund, Øygarden og Askøy. Opprinneleg var det tenkt at det skulle vere ein sekundærførebyggjande måte å arbeid på. Slik er det ikkje lengre. No tenkjer ein meir inkludering i den generelle strukturen, hjelpe til å bygge nettverk og starte idear/bidra til å vidareutvikle ting som allereie skjer.</p> <p>Felles Ansvar har gjennomført ein rekkje miniseminar, og har gode erfaringar med det. Tema dei har hatt på miniseminar er blant anna leksehjelp, idrett og inkludering og samarbeid mellom skule og</p>

		<p>næringsliv.</p> <p>Det er eit ønskje frå Felles Ansvar å få til eit samarbeid mellom næringslivet, kommunane og frivillige. Næringslivet bidreg ikkje så mykje i dag som i starten, men det handlar og om at Felles Ansvar ikkje har vore så gode på å selje seg inn til næringslivet. Dette vil dei gjere noko med.</p> <p>Resultatet av arbeidet har vore blanda. Mest vellukka tiltaka er Mekkeriet på Askøy og jentegruppa i Sund.</p> <p>Åsta Årøen inviterte regionrådet til å delta på årsmøte i februar.</p>
28/16	Brannsamarbeid	Denne saka vart ikkje drøfta. Alle dei 3 kommunane har oversikt på dette og på grunn av tidsmangel gjekk saka ut.
29/16	Bruk av Regionrådet i framtida	<p>Det vart heller ikkje tid til ei inngåande drøfting av denne saka. Styreleiar Børge Haugetun meinte at regionrådet har ei viktig rolle i utviklinga også utanfor våre kommunar. Han meinte også at regionrådet gjev høve til god samhandling mellom kommunane. Det vart og peika på rolla regionrådet har fått i samband med søknadsprosessen for tildeling av skjønsmidlar frå Fylkesmannen.</p> <p><b>Konklusjon:</b></p> <p>Regionrådet har ei viktig rolle, også framover mot ny felles kommune. Her vert ein del sakar teke opp, som for eksempel politiske arbeidsgrupper i regi av fylket. Ein får og invitasjonar til Regionrådet frå Fylkesmannen/Fylkeskommunen på lik linje med dei store kommunane – og det er nyttig å delta i.</p>
30/16	Oppfølging etter avvikling av BRB	<p>Regionrådet drøfta kort oppfølging etter avvikling av BRB. Arbeidsoppgåver som «står att» etter avviklinga er Etablereresenter og «invest i Region Bergen».</p> <p>Sund og Øygarden er framleis med i dette, medan Fjell ikkje deltek.</p> <p><b>Konklusjon:</b></p> <p>Det er slik det er pr. no, fram til kommunesammenslåing. Då vert det tatt opp til ny vurdering.</p>
31/16	Ymse	<p>Nærpolitireforma</p> <p>Regionrådet sender ikkje inn felles høyring. Slik det ligg føre no så får Region Vest behalde politikontora her ute.</p> <p>Styreleiar Børge Haugetun nemnde vidaregåande skule og bompengoordninga i Bergensområdet som viktige tema for regionrådet å halde tak i.</p> <p>Møteplan</p> <p>Møteplanen vart godkjent med mindre endringar.</p>



## MØTEPLAN REGIONRÅDET VEST 2017

MØTE	DATO	STAD
<b>Rådmannsmøte</b> <b>Styremøte</b>	06. februar (13:00-15:00) 20. februar(11:30 -14:30)	Fjell Fjell
<b>Rådmannsmøte</b> <b>Styremøte</b>	10. april (13:00–15:00) 24.april (13:30 –15:30)	Fjell Øygarden
<b>Rådmannsmøte</b> <b>Styremøte</b>	12.juni (13:00- 15:00) 26. juni (11:30-14:30)	Fjell Sund
<b>Rådmannsmøte</b> <b>Styremøte</b>	11.september (13:00 –15:00) 25. september (11:30 –14:30)	Fjell Fjell
<b>Rådmannsmøte</b> <b>Styremøte</b>	13.november (13:00 – 15:00) 27.november (11:30 –14:30)	Fjell Øygarden